



Øystein Tvedt  
Rissundet 5  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6719 - 14/22902

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
10.10.2014


## Søknad om utviding av altan - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 123/161 Risa.

Kommunen viser til søknad om utviding av altan på bustad på gbnr 123/161.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Delar av omsøkte utviding av altan ligg innanfor regulert byggjegrænse langs veg.



Bygningar skal plasserast innanfor byggjegrænsene. Tiltaket treng difor dispensasjon frå regulert byggjegrænse for å kunne godkjennast. Søknad om dispensasjon er ein skriftleg, grunngjeven søknad. Det skal gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. Dersom søkjar vurderer at



ny nabovarsling ikkje er naudsynt er det mogleg å søkja fritak. Vi gjer merksam på at det vert fakturert gebyr for handsaming av dispensasjonssaker. Gebyret går fram av gjeldande gebyrregulativ som du finn på kommunen sine heimesider.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn innan 1. desember. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

Med helsing

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*